

Årsmelding for Valdres Historielag 2022

Årsmøtet for 2021 var på Bagn Bygdesamling 21. mai 2022. Det var 10 personar til stades på årsmøtet. Leiar Jorunn W Steinsvoll leia møtet, referent var Anna Kristine Hodne.

Årsmeldingar for 2019, 2020 og 2021 vart lesne og godkjende utan merknader.

Rekneskapen for tre år vart lese av kasserar Tore Hovda. For 2021 viste det 63 278 kr i underskott. Det meste skreiv seg frå auka kostnader og sviktande sal av årboka. Difor vedtok årsmøtet at det til hausten skulle takast ein grundig diskusjon om framtida til årboka.

Årsmøtet valde dette styret og tillitspersonar:

Leiar Jorunn W Steinsvoll

Nestleiar Ivar Aars

Kasserar Tore Hovda

Sekretær Gunnar Hauge

Styremedlem Jon Bratrud

Styremedlem Arne Erik Fønhus

Styremedlem Tove Grethe Kolstad

Representant for Museet Ole Aastad Bråten

Vararepresentantar: Ingebjørg Moe og Anne Marit Framnes

Anne Marit Framnes er også materialforvaltar, dvs. sjef for boklageret.

Revisor er Håkon Einar Berge

Valnemnd: Nils Rogn, Arild Haglund og Odd Arne Rudi

Nils Rogn tek ansvar for heimeside og Face-book-konto

Det har vore 5 styremøte. Først eit korreksjonslesingsmøte for årboka. Så presentasjon av boka med hovudtema: Valdresdialekten. Økonomien i årboksprosjektet var tema fleire gonger. Fyrst vedtak den 21. november om ikkje å gje ut bok. Så vart dette vedtaket omgjort, økonomien såg litt betre ut. Ivar Aars sa seg villig til å gjera ferdig arbeidet med boka utan meir honorar, det skal også bli ei noko mindre omfattande bok. Eivind Brenna var og orienterte om planane for feiring av 1000-års jubileet i Valdres i sommar. Det vart også vedtak om å kalle inn til møte i lag med alle lokallagsleiarane for å drøfte vegen vidare med årboka og det samarbeidet dei ynskjer seg med Valdres Historielag. Til dette møtet kom det leiarar berre frå 4 av laga, men det kom fram ein god del nyttige synspunkt på organisering av styret og måten årboksarbeidet kan ordnast på. Ei avvikling av skriftstyret slik vi har hatt det, og heller ha ei redaksjonsnemnd som skriftstyrar kan velja med seg, var eit aktuelt forslag. Men dette vil krevja endring av vedtektene våre. Meir satsing på lokal historie i bygdene og infotavler om t.d. krigshendingane i dalen ynskte mange å få fokus på. Også oftare og betre kommunikasjon med Valdres Historielag. Styret innstiller Nils Rogn til val på ny skriftstyrar/redaktør for årbok.